

Vegen til Haugsneset.

Det har diverre slik eg oppfattar det ueinigheit om denne vegen og eg skal no gje ei oppsummering sidan det no er kome til fleire nye eigarar sidan oppstarten.

Vi må no gå heilt tilbake til 1986, for då søkte Jarle Hauge som då var eigar av gnr 29 bnr 3 om å få tilkomst til tunet sitt frå gardsvegen som går over gbnr 29/4 og 5. Den opprinnelege tilkomsten var frå Fv og opp bakkane.

Det vart sendt inn søknad til fylkeslandbrukskontoret og fylkesskogmester og heradsskogmestar var på synfaring den 12/8 og i notatet derifrå står det: «Det må søkjast om vegmidlar frå jordbruksetaten til bilvegen då det er denne etaten som forvaltar midlane som går til gards og grendevegar. Frå velteplassen som skulle vera ca ved ute fjøset knappe 100 meter sør aust for tunet skulle det søkjast skogbruksetaten om midlar. Ny søknad må utarbeidast»

Det vart skriva ein avtale om veg og vegrett var eigarar av Gnr 29 bnr 1, bnr 3, bnr 4, bnr 5 og Gnr 30 bnr 1. Vegen vart stukken og det vart sendt søknad om tilskot. Sjølv skogsvegen som skulle gå frå velteplassen stoppa opp men eigar av gnr 30 bnr 1 arbeide på eiga hand ein enkel traktorveg nordover i Haugslia.

Etter denne tid vart det ikkje gjort noko meir, men i 2006 tok Kenneth Manger som då hadde kjøpt den vegause garden i Haugsneset gnr 29 bnr 2 kontakt med spørsmål om å få tilkomst over Hauge gardane. Det vart halde møte og det var einigheit om å gå inn for å bygga ein ca 600 meter lang skogsbilveg frå tunet til bnr 3 og over utløpet av Haugsvatnet. Vegen vart stukken og det vart laga til søknad om statstilskot med kostnadsfordeling og underskriftene til gnr 30 bnr 1 10% Gnr 29 bnr 3 15% bnr 5 10% bnr 4 10% bnr 1 10% og bnr 2 45% På denne tid var gnr 29 bnr 7 eit uoppgjort dødsbu og var såleis ikkje med i vurderinga. Kenneth Manger vart oppført som vegformann.

Eigar av gnr 29 bnr 9 var med på møta og skulle få tilkomst, men var ikkje med på søknadsskjema då dette er ein fritidseigedom.

Arbeidet med vegen starta opp sommaren 2007 og det vart sprengt og grovplanert med til bekken som renn ut av Haugsvatnet då arbeidet stopp opp grunna at entreprenøren gjekk konkurs. Vegen hadde fått ei løyving på 168.000 kr i tilskot og det var betalt ut 130.000 kr av dette. Restbeløpet på 38.000 kr vart trekt inn 11.09. 2012.

I mellomtida var det kome nye eigarar til gnr 29 bnr 7 som då ønskte å knyta seg til denne vegen, men dei som var med på vegen sa nei til dette. Gnr 29 bnr 7 reiste så krav om jordskifte og jordskifteretten la fram fleire alternativ til veg og søkte kommunen om løyve til bygging.

Kommunen gav løyve til bygging etter same alternativ som no eigar av gnr 29 bnr 3 Svenn Hauge søkjer om og det vart utarbeid framlegg til kostnadsfordeling. Vegen vart lyst ut på anbod, og av dei anboda som kom inn vart samtlege forkasta grunna for høg pris og det vart ikkje sagt dom i saka. I løpet av desse åra har det vore arbeidt med veg frå husa på gnr 29 bnr 2 og sørover mot der Haugsnes vegen skulle enda.

I 2019 vart det sett i gang hogst i skogen til gnr 29 bnr 3 og påfølgjande hogst av eit felt med gran på gnr 29 bnr 4 og vegen vart påført asfaltmassar og det vart opparbeid ein snuplass. Det var eigar av bnr 3 som fekk utført dette arbeidet og han pussa og opp etter arbeidet som vart utført i 2007.

Situasjonen i dag:

Svenn Hauge ønskjer ikkje trafikk gjennom tunet og vil stenga vegen, men har søkt kommunen om fornya løyve til bygging som vart gjeve til Jordskifteretten.

Slik underteikna oppfattar saka så har gnr 29 bnr 3 gjeve løyve både skriftleg og munnleg til veg over eignedomen til gnr 29 bnr 1, bnr 2 bnr 4 bnr 5 bnr 9 og gnr 30 bnr 1. Det er vorte hevda at ein veg det vert søkt om som skogsveg ikkje kan nyttast til andre føremål en uttak av skog. Dette er ikkje riktig men eventuelle tilskot vert gjeve ut frå nytten vegen har for skogen.

I søknaden om tilskot frå 2006 vart det søkt om ein skogsbilveg (landbruksveg) vegkl 4 og dette er ein veg for vogntog i barmarks perioden. Vegen skal ha ei breidd på 4 meter og grøfter med kjørebanebreidd på 3, 5 meter. Slik denne er i dag er breidda knappe 4 meter, men det manglar tilstrekkeleg med grøfter og dimensjonering på stikkrenner. Vegen slik den er i dag hadde ikkje vorte godkjend som ein vegkl 4 veg og snuplassen har og manglar. No er vegen kjørnande med bil men slik den er i dag så hadde eg godkjent den som ein landbruksveg vegkl 7 (heilårs traktorveg) men ikkje i ein høgare vegklasse.

For å koma vidare med denne saka så er mitt råd følgjande:

Ta oppatt framlegget frå jordskifteretten, der vegframføring frå fylkesvegen til utløpet av Haugs vatnet der søknaden om bygging no er godkjent av kommunen. Få på plass avtale om bygging, vedlikehald og kostnadsfordeling snarast der også gnr 29 bnr 7 og 9 er med. Fram til dette er på plass, skal dei som var med og søkte om bygging av Haugsnesvegen kunna nytta denne over bnr 3. Om ikkje dette let seg gjera så er dette ei sak Alver kommune ikkje kan hjelpe til med meir for då må dette gå via domstolane.

Kålås 07.04.2021

Nils Kaalaas